

RAPPORT - RISIKOANALYSE: T2



Postadr.: Pb. 7, 6701 Måløy
Epost: maloy@fishguard.no
Telefon: 57 85 08 90
Mobil: 975 65 504

Lokalitet: Stranda vest (B16/B17) i Flora kommune

Risikoanalyse – før planlagt utfylling : T2

Rapport for:

Selskap : Panorama Florø
Lokalitet : Stranda vest (B16/B17)
Kommune : Flora
Fylke : Sogn og Fjordane
Område : Vest for Fugleskjærskai
Prosjektansvarleg : Jan Arne Holm

Trinn 1

Fjord-Lab ref. : J.nr. 1848-13
Måling av : Miljøgifter i botnsediment
Vurdering av : Miljøtilstand på botn
Prøvetaking : 29.09.2013
Feltarbeid : Jan Arne Holm
Vurdering ved : Jan Arne Holm
Rapportert : 24.01.2014 (eigen rapport)

Trinn 2

Fishguard ref. : J.nr. 0143-14
Straummåling : 26.04.–06.06.2013 (eigen rapport: J.nr. 0683-13)
Feltarbeid : Jan Arne Holm
Beregning av : Spreiingsrisiko ved utfylling
Beregning ved : Jarle Molvær
Vurdering av : Naturressursar, Økologisk effekt, Helserisiko, Miljørisiko
Vurdering ved : Jan Arne Holm
Vurdering av : Tiltak / overvaking
Vurdering ved : Jan Arne Holm og Jarle Molvær
Rapportert : 07.02.2014 (denne rapport)



Jan Arne Holm
Cand.real.



Jarle Molvær
Cand.real.

Vedlegg: *Spreiingsanalyse, Grenseverdiar for miljøgifter, Analyserapportar*
Separat rapport: *Straumrapport frå Stranda*

1. Innleiing

Det kommunale selskapet Flora Hamn KF i Flora kommune planlegg i samarbeid med Kystverket og iVest Consult utdjuing av skipsleia inn til Florø hamn (Figur 1). Utdjuinga er planlagt ved «mudring» dvs. sprenging av fjell på sjøbotn, oppgrabbing og vekkfrakting til utfyllingsstad på lekter med botnluker. Fylling av steinmassane er planlagt ved «dumping» i havnebassenget i Florø, dvs. i Stranda vest, ref. kommuneplan: B16/B17 (Figur 2). Fjord-Lab AS (no Fishguard Måløy) har utført miljøgransking trinn 1¹ (T1) i det aktuelle utfyllingsområdet.

Føremålet med T1 er klarlegging av mogeleg ureining på sjøbotn i utfyllingsområdet.

Resultat av miljøgransking T1 er rapportert (J.nr. 1848-13) til oppdragsgevar den 24.01.2014, og i samråd med dei samstundes også sendt til Fylkesmannen si miljøvernabdeling (FM). T1 syner miljøgifter i sediment ved Stranda med overskriding av grenseverdiar (PAH), og området utgjer dermed pr. definisjon ein miljørisiko. Overskridingane inneber at trinn 2¹ (T2) skal utførast. Framlegg til gjennomføring av T2 er inkludert i T1-rapporten. Tilbakemelding frå FM ihht. T2 tilseier at opplegg for vidare miljøgransking, kan utførast som framlagt i rapporten.

Føremålet med T2 er ei vurdering av den risiko som utfyllinga kan medføre for spreining av ureining til området omkring deponi/utfyllingsområdet.

Opplegg for T2 inneheld fylgjande delkomponentar:

1. **Kornfordeling - sediment:** kornfordelingsanalysar av sedimentprøvar er allereie utført i T1 for Stranda-området (B16/B17) og tilgrensa område i aust.
2. **Spreiingspotensiale:** berekning av partikkel/miljøgift spreining ved utfylling med bruk av matematisk modell for fortynning og sedimentasjon.
3. **Naturressursar:** enkel kartlegging av evt. viktige / sårbare naturressursar innanfor antatt influensområde, basert på tilgjengeleg databaseinformasjon.
4. **Økologiske effektar:** grenseverdi for miljøgift i sediment er gitt ved grense mellom Klifs kl. II og III for marine sediment og grenseverdiar for toksisitet.
5. **Human helse:** vurdering av human helserisiko, basert på 'transportveggar' til menneske, jfr. bruk av utfyllingsområdet: havn, rekreasjon, fiske og fangst.
6. **Rangering av miljørisiko:** Miljørisiko er funksjon av sannsynlegheita for at ei hending (t.d. miljøgiftspreining) vil skje, og miljøkonsekvensen av hendinga.
7. **Tiltak:** evt. tiltak blir ein konsekvens av berekna spreingspotensiale for miljøgifter, rangering av miljørisiko, samt økologisk og helsemessig skade.
8. **Overvaking:** overvaking kan evt. vere eit aktuelt tiltak, td. med prøvetaking av turbiditet og/eller strømmåling parallelt med utfyllinga.

Utfyllingsområdet er eit moderat 'mellomstort tiltak' (areal ved fyllingsfot: 14 000 m²), og den angitte risikovurderinga i T2 kan dermed forenklast.

Måløy, 07.02.2014,
Jan Arne Holm

¹ Klif-rettleiar 'Risikovurdering av forureina sediment,' Mdir-TA:2230:2007.

2. Oppsummering – T2

Analyse av miljøgifter under Trinn 1 (T1) har avdekka at sediment frå alle undersøkte stasjonar i utfyllingsområdet ved Stranda pr. definisjon utgjør ein miljørisiko grunna overskriding av grenseverdier for PAH-stoff. Tilsvarende overskriding av grenseverdier er påvist for sediment i området like utanfor dette. Overskriding tilseier at Trinn 2 (T2) skal utførast. Utfyllingsområdet har eit botnareal på 14 000 m², og blir dermed klassifisert som eit 'Mellomstort tiltak'. Arealgrensa for 'Mellomstort tiltak' er frå 1 000 – 30 000 m², og dette er dermed eit moderat 'mellomstort tiltak'.

Føremålet med T2 er ei vurdering av den risiko som utfyllinga kan medføre for spreiding av ureining til området omkring deponiområdet.

T2 skal vurdere/kartlegge spreiding av forureina masser (PAH) ved dumping av stein i utfyllingsområdet, definere influensområde for moglege giftverknader ved berekningar, kartlegge viktige/sårbare naturressurar innafor influensområdet, vurdere risiko for økologiske effektar og human helse, samt rangere utfyllingsområdet etter miljørisiko.

Opplegg for T2-miljøgranskning er lagt opp i samråd med Fylkesmannen si miljøvern avdeling. Basert området si miljøbetydning, bruksform, storleik og omfang av grenseoverskriding er risikovurderinga i T2 forenkla.

Naturressursar

Søk i Artskart frå Artsdatabanken syner ikkje sårbare eller trua arter i eller nær omsøkte utfyllingsområde. Området synes å vere utan direkte relevans for registrerte sårbare eller trua arter i Flora kommune. Avstand til næraste verneområde er stor. Prøvetaking under T1 i Stranda vest og Stranda (aust) påviste dyr i alle botnprøver, med rimeleg bra artsrikdom, samt mykje makroalgar (brun/grøn/raudalgar). Funna er nærare beskrive og fotodokumentert i T1-rapport for Flora Hamn KS (Jnr. 1008-13), og for Panorama Florø (1848-13).

Økologiske effektar

Kunnskapen er mangelfull om biologisk tilgjengelegheit til og eventuell oppkonsentrering av PAH i næringskjeda, bioakkumulering, PAH-påverknad på botndyrsamfunn og økologiske effektar. I fisk blir PAH raskt nedbrote av fisken sjølv, og det er difor ikkje vanleg å finne betydelege mengder PAH i fisk. Blautdyr, som t.d. blåskjel, bryt ikkje ned PAH like effektivt, og vi kan difor få i oss PAH når vi et PAH-forureina skjel. Sedimentkonsentrasjon av PAH omkring 1 mg/kg eller lågare kan gje effekt i fisk. Også vasskonsentrasjonar på 1 µg/l eller lågare kan gje alvorlege effektar på fiske-larvar og subletale effektar i fisk. Effekt av PAH på andre organismar enn fisk er mindre kjent.

Human helse

PAH-stoffet benzo[a]pyren (BaP) er grundig undersøkt, er truleg det mest potent kreftfremkallande, og er klassifisert i gruppe 1, dvs. kreftframkallande for mennesker. Det er vanskeleg å finne nedre terskelverdi for kreftisiko etter eksponering, dvs. at kvar dose medfører ein viss grad av risiko. For gjennomsnittsverdier av BaP for alle stasjonar (både V1-V3, og V1-V3+S4) tilseier at utfyllingsområdet er i Tilstandsklasse III. Tilbakerekning frå grense for humant inntak tilseier at benzo(a)pyren si kreftfremkallande verknad får ei særleg låg grense for stoffet i sediment (7 µg/kg sediment), samtidig som den økologiske effektgrensa er relativt høg (øvre grense for Klasse II: 420 µg/kg sediment).

Trinn 2 vurdering av risiko for human helse er her utført forenkla, og er i basert på vurdering av området si bruk i høve til direkte (bading) og indirekte (fiske/fangst) human eksponering, samt vurdering av om utfylling av området – med påfølgande oppvirvling, suspensjon og resedimentering av dei finaste partiklar med miljøgifter (herunder primært PAH) lokalt ikkje fører til uakseptabel og forauka ureiningsspreiing (jfr. risikoanalysa). PAH-verdiane i området ved Stranda tilseier ikkje behov for særlege kostholdsråd. Basert på ei førebyggjande, «føre-var» og konservativ vurdering bør likevel ikkje fisk eller krepsdyr (sjøkreps, krabbe, hummer) fangast til humant konsum i eller i umiddelbar nærleik til slike hamneområder. Dette vil også gjelde for Stranda-området.

Risikoanalyse

Miljørisiko er ein funksjon av sannsynlegheit for at ei hending (t.d. spreiiing av miljøgifter) vil skje og miljøkonsekvensen gitt ei slik hending. Risikoanalysa avdekkjer først metode og avgrensingar (areal m.v), og akseptansegrensar blir definert: spreiiing av forureina partiklar og grense for akutt toksisitet av PAH i vatn. Dette er også den uønska hendinga som skal vurderast. Sannsynligheit for at den uønska hendinga skal inntreffe og konsekvens av at dette skjer er berekna ved den særskilte spreiiingsanalysa.

Analysa syner at «suspensjonsskya» sannsynlegvis vil stige til om lag 4 - 5 m over botn, med ei rekkevidde på om lag 10 m, og at fortynninga utanfor denne radius er så stor at det vil oppfylle aktuelle kriteria for akseptabel vasskvalitet for PAH (jfr. akseptkriteriar). Stig «suspensjonsskya» høgare enn dette, blir konsentrasjonane samstundes lågare. Sjølv med ein 5-dobling av det berekna influensområdet (dvs. 50 m) – basert på ein «føre-var» tankegang – vil den miljømessige risiko vere akseptabel. Spreiiingsanalysa syner at resedimenteringa ikkje vil bidra til auka konsentrasjon av PAH i sediment i hamneområdet. Dersom små PAH-holdige partiklar sedimenterer på botn i ytterkant av hamneområdet, kan dei utgjere eit lite bidrag – forutsett at PAH-konsentrasjonen i sediment her er lågare enn lenger inne.

Ingen delar av hamneområdet er nytta til rekreasjon i form av bading, fangst og fiske, og risiko for spreiiing av PAH frå utfyllingsområdet (i slike minimale / fortynna konsentrasjonar) er dermed vurdert å vere miljø- og helsemessig akseptabel, og nær ubetydeleg. Ein positiv konsekvens av utfyllinga er at etter utfylling vil sedimenttilstanden under den nye steinfyllinga bli stabilisert, slik at omfang av diffusjon og bioturbasjon vil bli redusert til eit minimum.


Tiltak og overvaking

Det er ikkje funne hensiktsmessig å foreslå særlege tiltak i samband med utfyllinga. Det er likevel foreslått ei overvaking i form av partikkelmåling i vassmassane (turbiditet) på faste stasjonar nær utfyllingsområdet medan utfyllinga pågår. Ein måleserie bør utførast like før utfyllinga starter for å finne normalverdiar, og dessutan minimum 2 måleseriar i løpet av utfyllingsperioda. Slik oppfølging bør avtalast og planleggast i god tid før oppstart.


3. Område



Figur 1. Havneområdet i Flora. Utfyllingsområdet ved Stranda ligg på vestsida av Fugleskjærskai (som er sentralt i bildet).



Figur 2. Aktuelt utfyllingsområde (gult skravert: B16 + B17) ved Stranda [ref. gjeldende kommuneplan].




Figur 3. Utfyllingsområde (grått) ved Stranda, inkl. fyllingsfot (totalt areal på inntil 14 000 m²).

4. Oppsummering – T1

Miljøgransking Trinn 1 (T1) er utført for Panorama Flørø AS på Stranda av Fjord-Lab og Molvær Resipientanalyse, som har lang erfaring i ulike typer miljøprosjekt. Feltarbeidet ved Stranda i Flørø Hamn inkluderer bruk av godt innarbeidde metodar for datafangst, beskriving av tilstand i marine miljø, samt ulike miljøberegningar.

Prøvetaking og analyse er utført av sediment frå 3 stasjonar i planlagt utfyllingsområde ved Stranda, vest for Fugleskjærskai i Flørø Hamn. Ved valg av stasjonar la ein til grunn B16/B17-området (kommuneplan), og ei evt. molo ved nordvestre hjørne.

Feltarbeid med sedimentprøveuttak er utført den 29.09.2013 med båt/mannskap frå Sunnfjord Dykkerservice under leing av Fjord-Lab AS (no Fishguard Måløy). Tidlegare er 5 stasjonar i tilgrensa område i aust prøveteke og analysert for Flørø Hamn KS (Figur 4). Ein stasjon (lengst vest: S4) ligg innafør B16/B17-området og er inkludert i denne rapport.



Figur 4. Potensielt utfyllingsområde ved Stranda, inkl. fyllingsfot, med stasjonar for sediment (S1-S5) og strømmåling (V, N).

Analyse av miljøgifter syner grenseverdi-overskriding i alle 3 (+1) sedimentprøver for PAH-stoff. Sediment i Stranda-området utgjør dermed pr. definisjon ein miljørisiko. Overskriding gjeld også for området like utanfor aktuelt utfyllingsområde.

For øvrige miljøgifter (utover PAH) gjeld:

- alle 4 prøver er «friskmeldt» (ok) for TBT
- alle 4 prøver er «friskmeldt» (ok) for PCB₇
- alle 4 prøver er «friskmeldt» (ok) for tungmetall: Arsen, Bly, Kadmium, Kobber, Krom, Kvikksølv, Nikkel, Sink

Grov vurdering av botndyr og påvising av ulike artar i området, indikerer bra diversitet (arts-mangfald) og tilsynelatande gode biologiske tilhøve ved alle stasjonar.

Analyse av sedimentet syner høg andel grovt botnsediment (sand), og moderat/låg andel finstoff (leire), og lite organisk materiale.

Grovt, lyst sediment med låg førekomst av fine sedimentfraksjonar (leire og organisk finstoff) indikerer redusert risiko for suspensjon og spreiding av miljøgifter ved utfylling. Sediment ved Stranda utgjør ikkje ein «ubetydeleg risiko», men granskinga kan indikere behov for små tiltak ved utfylling av omsøkte område.

For detaljar omkring T1 syner ein til Fjord-Lab eigen rapport: J.nr. 1848-13.


5. Metode – T2

- Sediment

Prøvene er teke manuelt på botn av dykkare frå Sunnfjord Dykkerservice AS den 30.09.2013, rettleia i felt av fagpersonell frå Fjord-Lab med posisjonsbestemming, logistikk og øvrig gjennomføring. Det er også teke foto på botn og av prøvane.

Best mogleg informasjon om dei kornfraksjonar som er representert i sedimentet, samt deira kvantitative og arealmessige fordeling, er viktige føresetnader for den matematiske spreingsmodellen.

Under feltarbeidet kommenterte dykkarane at det stadvis var fjell og stein, og store delar av området var dekkja av storblada brunalgar, mindre bladforma grønalgar og små raudalgar, jfr. foto (Figur 5 - 8).



Figur 5 – 8: eit rimeleg representativt utval av foto av botn i utfyllingsområdet som i stor grad er dekkja av makroalgar [foto: SD].

Sedimentprøver frå dei 3 (+1) stasjonane (V1-V3 + S4) er vurdert representative for det aktuelle området som er planlagt for utfylling. analysert ved Eurofins for kornfordeling, % tørrstoff, % glødetap (organisk materiale). Ref. T1-Rapport for Stranda vest (J.nr. 1848-13).

- Straum

Tidlegare (april/mai 2013) i prosjekt for Flora Hamn KS er straum registrert nær botn på to stasjonar ved Stranda (Figur 4). To straummålare av type SD6000 er forankra nær botn i vestre (V) del av og like nord (N) for utfyllingsområdet (Figur 2). Ved disse to stasjonane er straum registrert om lag 1 m over botn, i totalt 42 døgn, der dei første 6 døgna var mest representative (lause makroalgar påverka deretter registreringane). Resultat av straummålinga ligg føre i eigen rapport (J.nr. 0683-13).

- Spreiingsanalyse

Det er ingen standard metode for berekning av hvilke mengder partiklar som blir virvla opp ved massedumping i sjø (ref. TA-2802/2011, Kap. 4.2). Storleiken på influensområdet blir ofte bestemt ved ein kombinasjon av berekning og overvaking.

Spreiing av partiklar og konsentrasjon av miljøgifter er her berekna med 'Visual Plumes' (Frick et al. 2001), ein matematisk modell ofte nytta ved utsleppsberkning. Modellen bereknar partikkelkonsentrasjonen som funksjon av fortytning og partikkelutsynking (sedimentasjon). Utsynkingsberkninga treng informasjon om partikkelstorleiken (kornfordelingskurve) for botnsediment i dumpingsområdet.

Karakteristiske partikkelstorleiker er lagt inn i 'Stokes formel', som gir tilsvarande synkehastigheiter, som igjen blir nytta i modellen. Basert på sedimentvariasjonen i utfyllingsområdet er fleire kornfordelingskurvar utarbeidd under T2. Registrering av straumtilhøva ved botn i området med straummålare er utført under T1 (to målestasjonar), og er lagt til grunn for spreingsberkninga (jfr. også pkt. 1).

For nærare detaljar omkring metode for spreingsanalyse syner ein til vedlagte rapport frå Molvær Resipientanalyse (separat vedlegg).

- Øvrige metodar

For informasjon omkring lokale Naturressursar, vurdering av eventuelle natur- og miljøeffektar (Økologiske effektar, Human helse) og Rangering av miljørisiko er fylgjande lagt til grunn:

- Naturressursar : Kartlegging av eventuelle viktige / sårbare naturressursar innafor antatt influensområde er basert på tilgjengeleg informasjon i fylgjande databaser: Artskart, Naturbase, Havmiljø.no. Søket er kvalitetssikra i samråd med Artsdatabanken.
- Økologiske effektar: Det er ikkje angitt eigne faktorar for vurdering av risiko for økologiske effektar i metoden for T2 utover det som ligg til grunn for grenseverdier for miljøgifter i sediment, jfr. grense mellom Klifs klasse II og III for marine sedimenter, samt grenseverdier for toksisitet. Disse er vurdert i T1. Gjennomsnittsverdi for dei 3 prøvane i utfyllingsområdet er vurdert i denne rapport (T2).

Metodar for gransking og vurdering om overskriding verkeleg gjer økologisk skade i den aktuelle situasjon ligg til Trinn 3 (T3). Kunnskap om sammenheng mellom miljøgiftbelastning og biologiske effektar i naturlege, komplekse økosystem er generelt låg. Vurdering av slik risiko er difor særst vanskeleg og krev stor grad av fagleg skjønn. Utfyllinga her er imidlertid eit relativt lite 'mellomstort tiltak', med ei forenkla (ikkje full) risikovurdering. Nokre biologiske effektar av miljøgiftbelastning er likevel omtalt her (T2).

- Human helse: I T2 er risiko for human helse vurdert, basert på 'transportveggar' til mennesker etter korleis det aktuelle området blir nytta (havneverksemd / rekreasjon, fangst av sjømat m.v.). Biotilgjengelegheit frå miljøgifter i sediment til botndyr, og deretter vidare oppover i næringskjeda - via fisk og skaldyr - til mennesket er her sentralt. Vedrørande overskriding av grenseverdier i utfyllingsområdet gjeld dette PAH-stoff som dermed er vurdert, men meir omfattande granskningar av lokal sjømat med kjemisk analyse og lokalt konsum er ikkje utført.

- Rangering av miljørisiko: Utfyllingsområdet er definert som eit 'mellomstort tiltak' (14 000 m² fyllingsareal), og rangering av miljørisiko er basert på funn under T1, samt funn og berekningar under T2. Definisjonen av Miljørisiko = sannsynlegheit for hending x miljøkonsekvens, og er dermed ein funksjon av sannsynlegheita for at ei hending (t.d. spreining av miljøgifter) vil skje, og miljøkonsekvensen dersom ei slik hending inntreff.

Basert på «Miljørisikoanalyse – Regelverk, teori og metoder» (NTNU, juni 2010) er fylgjande metode (men forenkla) nytta for berekning / rangering av miljørisiko:


- 0) analyseforbeuing, avgrensing og metode
- 1) avdekking av uønska hendingar
- 2) analyse av sannsynlegheit og konsekvensar
- 3) vurdering av risiko
- 4) forslag til risikoreduserande tiltak

Vurdering av eventuelle tiltak i samband med utfyllinga er dermed inkludert i analysa.

Resultat og Vurderingar – T2

- Spreiingsanalyse

Datagrunnlaget for å berekne mengd av partiklar som blir virvla opp ved dumping av masser er til dels sparsomt, og fleire forutsetniader må leggest til grunn for berekning og vurdering. Dette gjeld bl.a. metodikk for utfylling (dumping av masser frå splittlekter), antall lass pr. tidseinheit, storleiken på oppvirvling frå botnsedimenta, naturleg partikkelkonsentrasjon og vertikal sjiktning i vassmassa. Resultata er difor ikkje produkt av eksakte berekningar, men ein 'skalering' av spreieing og konsentrasjon av PAH-haldige partiklar. Figur 9 syner berekna spreieing basert på ulike straumhastigheit.



Figur 9: Berekna oppvirvling til innlagingsdjup ved straumhastigheit på 1 cm/s (grøn), 2 cm/s (blå) og 4,4 cm/s (raud).

Oppvirvling av partiklar som blir spreia i vassmassa vil først og fremst skje under dumping av masser over gropar/område med fint materiale. Sedimentprøver og dykkerobservasjonar kan tyde på at dette utgjer omkring 5-10% av botnarealet. Imidlertid vil mange av gropane med finstoff være dekket av eit lag med lausrevne makroalgar og det er sannsynleg at det reelle arealet der oppvirvling av finpartiklar vil skje er i storleiksorden 5-10% av totalen, dvs. omkring 700-800 m².

Sjølv med den usikkerheita som ligg i forutsetnadane synes tre hovudtrekk å vere klare:

1. Spreieing av partiklar med PAH: det er gjort berekningar for 4 sambindingar med strenge krav til vasskvalitet, og for Sum PAH med samme krav. Krava er innfridd innan 10 m frå utfyllingsområdet. Uansett usikkerheit i datagrunnlaget syner dette at risikoen ved oppvirvling og spreieing av PAH-sambindingar utanfor ein avstand på 10-20 m vil være liten.
2. Datamaterialet tyder på at oppvirvling av finpartikulært sediment vil skje relativt sjeldan fordi botnområder med finmateriale dekker ein mindre del av botnen (5-10%). I tillegg er mange av gropane der finmateriale blir akkumulert sannsynlegvis dekket av eit lag makroalgar som vil dempe/forhindre at det underliggende sedimentet blir virvla opp i vassøyla.
3. Vurderingane er teke i høve til konsentrasjonen for akutt toksisitet. Eksponering mot høge PAH-konsentrasjonar vil være så kortvarig og førekomme med så lange intervall (timer) at ein vurdering mot denne konsentrasjonen gir god margin i høve til ein reell eksponering.

Partiklar som blir virvla opp i vassmassa vil etter kvart sedimentere og legge seg på botnen igjen. Dei største partiklane sedimenterer nær området dei «opprinneleg» kom frå, mens di minste partiklane kan sedimentere mange hundre meter unna utfyllingsstaden – avhengig av m.a. straumtilhøve og botndjup. I høve til PAH vil ikkje denne resedimenteringa bidra til auka konsentrasjon i sedimenta i hamneområdet, men kan muligens utgjere eit lite bidrag dersom små PAH-haldige partiklar sedimenterer på botn utanfor hamneområdet – der PAH-konsentrasjonen i sedimentet kan antas å være lavere, men ikkje nødvendigvis er det (ikkje undersøkt).

- Naturressursar

Kartlegging av evt. viktige / sårbare naturressurar innanfor antatt influensområde er utført basert på tilgjengeleg informasjon i eksisterande databaser: Artskart, Naturbase, Mareano, Havmiljø.no. Søket er kvalitetssikra i samråd med Artsdatabanken.

«Artskart» er ei kartløyising som syner artsdata i Norge frå mange kjelder i samme kart. Artsinformasjon i kartet skal vere kvalitetssikra og stadfesta, og ein kan søke etter spesifikke arter, eller sjå hvilke arter som fins i eit avgrensa geografisk område. Artskart er utvikla av Artsdatabanken og [GBIF Norge](#) (den norske nodedeltakaren i Global Biodiversity Information Facility, GBIF). Tenesta formidler data frå [32 norske institusjonar, organisasjonar og konsulentfirma](#). Artskart nyttar prinsipp i Norge Digitalt og får kontinuerleg informasjon frå totalt 108 databaser, med informasjon om 28 500 arter, fordelt på over 16 millioner poster. Kartverktøyet blir nytta for forvaltning av naturmangfaldet, i areal- og ressursplanlegging, av forskare og ålmeinta.



Figur 10. «Artskart» frå Florevika med posisjon og kategoristatus for angitte artar.[ref. artsdatabanken.no]

Artskart med utsnitt frå Florevika er synt i Figur 10. Ulike symbol syner kategori for status, og har artsinformasjon m.v. liggande inne. I Florevika er det fleire punkter i kartet, men inne i Strandaområdet er det berre eit. Punktet er noko upresist koordinatfesta på land (beskrive som «lokaliteten rota under boathouse»), og syner kategorien «livskraftig» (LC, grønn: Δ) for 3 marine artar: dei to brunalgane grisetang og blæretang, samt raudalgen filtrødpusling.

For øvrig er dei to næraste punkta: yst på moloa lengst i vest, med kategorien «livskraftig» (LC, grønn: Δ) for arten jordugle, og eit stykke nord for Fugleskjærskaiia («lokalitet Florø havn») med kategorien «nær truet» (NT, oker: □) og totalt 18 registreringar av sjøfugl, derav 3 artar innan kategori NT: hettemåke, dvergdykker og sjørre, og dessutan ein art registrert som «sårbar» (VU): teist.

Ved generelt søk i Flora kommune på «sårbare», «nær trua», «sterkt trua» og «kritisk trua» arter finn ein t.d.: 25 artar algar, 26 artar blautdyr, 25 artar krepsdyr og 12 artar fisk. I gruppa blautdyr og krepsdyr er mange landlevande (terrestre) eller ferskvass artar (limniske). I gruppa fisk er nokre ferskvassartar (ål) og dei fleste er botnlevande på større djup: ulike haifisk, skater og uer. Utvalg av søk i Artskart frå Artsdatabanken for Flora kommune er synt i vedlegg.

For fugl blir ofte dei viktigaste faktorane for den aukande utryddingsfåra angitt som: tap av leveområde, introduksjon av framande artar, klimaendringar og endringar i jordbruksmetodar. Og for sjøfugl er det særleg reduksjon i fiskebestand / overfiske som blir angitt som årsak – med ein nær halvering av sjøfuglbestanden på 10 år (ref. Naturindeks for Norge i 2010).

På Miljødirektoratet si «havmiljo.no» er det registrert miljøverdi for NVG sild (dvs. norsk vårgytande sild) for Bremanger til Ytre Sula som eit «særleg verdifulle område» i perioda februar til april måned. Silda gyter ikkje her inne i havnebassenget. Søk i Miljødirektoratet si «naturbase.no» etter m.a. fylgjande aktive kartlag: «Inngrepsfri naturområde», «Verneområde», «Korallrev», «Friluftsområde», «Rødlisteartar», «Prioriterte artar» syner ingen funn / potensielle konflikter i det aktuelle området.

Verna områder i Artsdatabanken sitt Artskart for Flora kommune syner at næraste verneområda ligg i rimeleg god avstand frå omsøkte utfyllingsområde (Figur 11). Dei næraste verna områda er: Stabben Fyr (3,2 km), Nærøyane (3,5 km frå Søre Nærøy) og Nordre Nekkøya (4,4 km).



Figur 11. «Artskart» frå Flora kommune, med verna områder: areal merka med raud skravering [ref. artsdatabanken.no]

Oppsummert

Søk i Artskart frå Artsdatabanken (<http://artskart.artsdatabanken.no/Default.aspx>) syner ikkje sårbare eller trua artar i eller nær omsøkte utfyllingsområde. Området synes å vere utan direkte relevans for registrerte sårbare eller trua artar i Flora kommune. Avstand til næraste verneområde er stor (Stabben: 3,2 km).

Prøvetaking under T1 i Stranda vest og Stranda (aust) påviste dyr i alle botnprøver, med rimeleg bra artsriksdom, samt mykje makroalgar (brun/grøn/raudalgar). Funna er nærare beskrive og fotodokumentert i T1-rapport for Flora Hamn KS (Jnr. 1008-13), og for Panorama Florø (1848-13).

- Økologiske effektar


Grenseverdiar som ligg til grunn for miljøgifter i sediment (grense mellom Klifs klasse II og III for marine sediment, samt grenseverdiar for toksisitet) er allereie beskrive og vurdert i T1. Dette gjeld analyserte verdiar for både einskildprøver og gjennomsnitt er angitt i T1. Utover dette er det i metoden for T2 ikkje angitt eigne faktorar for vurdering av risiko for økologiske effektar.

Metode for gransking og vurdering om overskriding verkeleg gjer økologisk skade i den aktuelle situasjon ligg til Trinn 3 (T3). Kunnskap om sammenheng mellom miljøgiftbelastning og biologiske effektar i naturlege komplekse økosystem er generelt låg, og vurdering av slik risiko er særskilt vanskeleg og krev stor grad av fagleg skjønn.

Det er ikkje krav om full risikovurdering i området for den aktuelle utfyllinga då dette er eit moderat 'mellomstort tiltak'. Generelle biologiske effektar basert på forventa miljøgiftbelastning blir her omtalt, m.a. som basis effektvurdering på human helse.

Miljøgifter som ikkje lett let seg bryte ned kan hope seg opp i levande organismar - såkalla bioakkumulering. Mengda i den ein skilde organismen vil dermed auke ettersom ein kjem høgare opp i næringskjeda. Om ein miljøgift blir akkumulert t.d. i skaldyr, fisk eller blåskjel kan vi menneske - når vi et sjømat - bli utsett for miljøgifter som opprinneleg kjem frå sediment.

Mange miljøgifter er fettløselege og hopar seg opp i fettvev, og ein bør difor t.d. ikkje ete lever frå sjølvfanga fisk grunna innhald av PCB (ref. Mattilsynet). Andre miljøgifter, som PAH, blir raskt nedbrotte av fisken sjølv, og det er difor ikkje vanleg å finne betydelege mengder PAH i fisk. Blautdyr, som t.d. blåskjel, bryt ikkje ned PAH like effektivt, og vi kan difor få i oss PAH når vi et PAH-forureina skjel. Figur 12 syner skjematisk framstilling av PAH-akkumulering i bentiske organismar.



Figur 12. Prinsippskisse som syner ei skjematisk framstilling av PAH-akkumulering i bentiske organismar.

Miljøgransking T1 ved «Stranda vest» har berre påvist overskriding av grenseverdiar for PAH-stoff, og difor er berre denne miljøgiften omtala i det fylgjande.

PAH²

Polysykliske aromatiske hydrokarboner (PAH) er naturlige, stoffer som finst overalt i det marine miljø. Ulike PAH-stoff har ulike eigenskapar og virker gjennom ulike mekanismar for interaksjon med og effekt på biologiske system. Sjølv om PAH-stoff fins naturleg, så har menneskeleg aktivitet mange stader i stor grad medført auka nivå av disse stoffa i miljøet. Dei fleste forbrenningsprosesser genererer PAH, og dei er (i ulik grad) til stades i fossilt brensel (olje, gass og kull). Hovedkjelder til PAH i kystmiljø er avrenning frå urbane område, avlaupsvatn, industriutslepp, atmosfærisk avsetting, samt søl og lekkasjer (ved transport og produksjon av fossilt brensel). Metallurgisk industri er / har vore viktige punktkjelder til PAH i norske fjordar.

PAH-stoff med miljømessig betydning er moderat til høgt fettløselege. Høg fettløselegheit (låg vassløselegheit) tyder høg partikkelaffinitet, og betyr mykje for biotilgjengelegheita. Eit viktig aspekt for biotilgjengelegheit (og dermed miljøfare) av PAH i sediment er adsorpsjon til ulike faser i sedimenta, t.d. organisk karbon og sot.

Ofte er PAH-stoff i sedimenter sterkare bunde til partikkelfraksjonen enn det lineær likevektsfordeling mellom vatn og organisk karbon i partiklar skulle tilseie. Evna til partikkelbinding varierer betydeleg mellom ulike sediment / lokalitetar, og betyr at det er vanskeleg å utvikle modellar for å estimere biotilgjengelegheit av PAH i sediment. Slike modellar blir nødvendigvis konservative for å favne ytterpunktta.

For å komme inn i næringskjeda må PAH-stoff i sediment vere biotilgjengeleg, dette ved transport av løyst PAH i porevatn, diffusjon, adveksjon eller transport av partikkelbunde PAH. Det er også stor variasjon i botndyrs levesett som utgjer ulik eksponering for PAH i sediment. Nokre organismar er t.d. sediment-etare og fordøyer det som er av næringsverdi, mens andre lever i sediment og filtrerer vatnet over sedimentflata for fødepartiklar. Sjølv om organismar på ulike trinn i næringskjeda blir eksponert for og evt. akkumulerer PAH, er det ikke alltid at stoffa blir overført til høgare trinn i næringskjeda, noko som skuldast at fleire organismar - som t.d. fisk - har ein stor evne til å bryte ned og skille ut PAH-stoff.

'Bioakkumulering' i akvatiske organismar fører til auka konsentrasjon av eit kjemikalie i organismen (i høve til miljøet den lever i) gjennom alle eksponeringsveggar, slik som: opptak gjennom føde, transport over respiratoriske overflatar og kroppsoverflata generelt. Bioakkumulering er dermed ein kombinasjon av opptak gjennom føde og opptak frå vatn. PAH som er oppløyst i porevatnet i sedimentet er tilgjengelig for opptak i organismar. Biotilgjengelegheit av PAH i organismar kan ikkje generaliserast m.a. grunna stor ulikskap i fysiologi (artsforskjell i opptak og utskiljing) og levesett.

Mange effektar av PAH er påvist på fisk - frå milde til særst alvorlege. Dette er kreft, genetiske endringar, effekt på reproduksjon, vevsforandringar, vekst og utvikling, samt effekt på immunsystemet. Det er også observert endra adferd samt ei rekke biokjemiske forandringar. Sedimentkonsentrasjon av PAH omkring 1 mg/kg eller lågare kan gje effekt i fisk. Også vasskonsentrasjonar på 1 µg/l eller lågare kan gje alvorlege effektar på fiskelarvar og subletale effektar i fisk. Effekt av PAH på andre organismar enn fisk er mindre studert. Det er likevel utført sedimenttester på botnlevande organismar - då ofte overlevingsstudiar eller testar for mutagenisitet (kreftforløpare).

² Ref.: NIVA Rapport 5888-2009 / SFT TA-2583:2009

Implementering av EUs Vassdirektiv i Norge omfatter m.a. at 30 vassområde skal ha 'god økologisk status' innan 2015, og resten innan 2021. Dette omfatter også kjemisk status. EU har kvalitetskriteriar (EQS) for PAH i vassfasen, men ikkje for PAH i sediment eller i biologisk materiale.


Ytterlegare vurderingar av PAH i utfyllingsområdet ville måtte inkludere ny prøvetaking og gransking av botndyrsamfunn med berekning av indeksar for diversitet m.v., samt omfattande toksisitetstestar. Dette ligg ikkje til T2 i dette prosjektet.

Oppsummering

Kunnskapen er mangelfull om biologisk tilgjengelegheit til og eventuell oppkonsentrering av PAH i næringskjeda, bioakkumulering, PAH-påverknad på botndyrsamfunn og økologiske effektar. I fisk blir PAH raskt nedbrote av fisken sjølv, og det er difor ikkje vanleg å finne betydelege mengder PAH i fisk. Blautdyr, som t.d. blåskjel, bryt ikkje ned PAH like effektivt, og vi kan difor få i oss PAH når vi et PAH-forureina skjel. Sedimentkonsentrasjon av PAH omkring 1 mg/kg eller lågare kan gje effekt i fisk. Også vasskonsentrasjonar på 1 µg/l eller lågare kan gje alvorlege effektar på fiske-larvar og subletale effektar i fisk. Effekt av PAH på andre organismar enn fisk er mindre kjent.

- Human helse

Risiko for human helse blir her vurdert, basert på 'transportvegar' til mennesker etter korleis det aktuelle området blir nytta: hamneverksemd, rekreasjon, fangst av sjømat m.v. Biotilgjengelegheit frå miljøgifta PAH i sediment til botndyr, og vidare oppover i næringskjeda - via fisk og skaldyr - til mennesket er her sentralt, jfr. Figur 13 (sjå også førre punkt: «Økologiske effektar»).



Figur 13. Prinsippkisse for spreiding av miljøgifter frå sediment til øvrige deler av økosystemet (frå TA-2583:2009).

I Norge har Mattilsynet i fleire tiår nytta kostholdsråd som tiltak i norske forureina havner og fjorder. I dag gjeld kostholdsråd for 31 geografisk avgrensa områder i havner og fjorder, og av disse har 18 kostholdsråd i tilknytning til PAH: Farsund, Fedafjorden, Stavanger, Sandnes, Karlsundet, Saudafjorden, Årdalsfjorden, Sunndalsfjorden, Hommelvik, Trondheim, Brønnøysund, Sandnessjøen, Ranfjorden, Narvik, Tromsø, Hammerfest og Honningsvåg (Økland 2005).

Benzo[a]pyren (BaP) er eit av dei best undersøkte og mest potente kreftframkallande PAH-stoffa. IARC (International Agency for Research on Cancer) har klassifisert BaP i gruppe 1 (dvs. kreftframkallande for mennesker). Det er truleg ikkje mogleg å finne nokon nedre terskelverdi for kreftrisiko etter eksponering for kjemiske sambindingar som er både mutagene og kreftframkallande, noko som betyr at ein kvar dose medfører ein viss grad av risiko.

EFSA (European Food Safety Authority) vurderte PAH i matvarer i 2008 (EFSA 2008), og konkluderer m.a. med at BaP aleine gir eit svakt grunnlag for risikovurdering, og at 8 (PAH8) eller 4 (PAH4) PAH-stoff bør vere inkludert. Disse er:

- PAH8: benzo[a]pyren, benzo[a]antracen, benzo[b]fluoranten, benzo[k]fluoranten, benzo[ghi]perylen, krysen, dibenz[a,h]antracen og indeno[1,2,3-cd]pyren.
- PAH4: benzo[a]pyren, krysen, benzo[a]antracen og benzo[b]fluoranten.

Av disse (både PAH8 og PAH4) er det i utfyllingsområdet påvist høgast verdiar i sediment frå stasjon V1 (lengst mot nordvest). Denne stasjonen (V1) har Tilstandsklasse IV og V for alle disse PAH-stoffa, forutan for dibenzo[a,h]antracen der alle stasjonar har Tilst.klasse II (og I: S4).

Gjennomsnittsverdiar av BaP for alle stasjonar (både V1-V3, og V1-V3+S4) syner imidlertid at området er i Tilstandsklasse III. For ytterlegare detaljar: Tabell 4 i T1-rapporten (J.nr.1848-13).

Grunna mutagene eigenskapar i stoffgruppa er det ikkje satt nokon TWI-verdi (tolerabelt ukentleg inntak) for PAH. Mattilsynet i Norge har likevel vedteke tiltaksgrense for B(a)P i blåskjel på 5 µg/kg (våtvekt). Følgjande andre grenseverdier i matvarer er relevante for B(a)P (frå Commission regulation No 1881/2006 (EC 2006)):

- Fiskemuskel (anna enn røykt fisk): 2,0 µg/kg våtvekt
- Krepsdyr og blekksprut (anna enn røkt; ikkje brunt kjøtt frå krabbe, eller hovud- og thorax-kjøtt frå hummer): 5,0 µg/kg våtvekt
- Muslinger: 10,0 µg/kg våtvekt

Viktigast i det marine miljø er såkalla Petrogen og Pyrogen PAH. Pyrogen PAH er danna ved rask ufullstendig forbrenning av organisk materiale, ved høg temperatur (ca 700°C). Kulltjære, kreosot og andre treimpregneringsmidler er viktige kjelder til pyrogen PAH i det marine miljø. Petrogen PAH blir danna særst langsamt (mill. av år) frå fossilt brensel, og kjem ut i det marine miljø ved at olje naturleg siv ut frå havbotnen, ved erosjon av kull og skifer, frå kullkraftverk og ved div. oljesøl.

PAH som er assosiert med sedimentpartiklar kan transporterast ved at partiklane blir virvla opp i vassmassane som følge av omrøring i botnvatnet. Leirpartiklar er særst små og bidreg mest til transport av partikkelbundne miljøgifter, og er også den partikkelfraksjonen som held seg lengst suspendert i vassøyla etter oppvirvling.

Desto lenger tid kontaminanten (her PAH) ligg i kontakt med sedimentet, desto lavere blir biotilgjengeligheta, noko som blir kalt 'ageing' (Leppanen & Kukkonen 2000). Dette inneber at i område med «eldre» PAH-ureiningar vil risiko for biologisk tilgjengelegheit til næringskjeda vere lågare.

Berekning av fluks av miljøgifter frå sedimentet til øvrige delar av økosystemet på basis av allmenngyldige konstantar og koeffisientar ligg til Trinn 2, men grunna forenkla opplegg er dette ikkje utført. Transportvegane er forenkla illustrert i Figur 12 og 13. Slike spreingsmekanismer er diffusjon forsterka av bioturbasjon (biodiffusjon), oppvirvling/erosjon med fokus på effekt av skipspropeller (evt. utfylling), samt akkumulering i botndyr med transport gjennom næringskjeda. Berekna flukser og resulterande konsentrasjonar i ulike medier kan nyttast til å bedømme grad av spreing og konsekvensar for miljø og human helse. Kobling mellom sedimentnivå og helserisiko blir nytta så til å berekne dei miljøgiftnivåa i sedimentet som sikrer at fastsatte grenseverdier for humant inntak av miljøgiftane ikke blir overskride.

Ved tilbakerekning frå grensa for humant inntak fører benzo(a)pyren si kreftfremkallande verknad til ei særst låg grense for stoffet i sediment (7 µg/kg sediment). Samtidig er den økologiske effektgrensa relativt høg (øvre grense for Klasse II: 420 µg/kg sediment). Dette inneber at sedimenta i mange tilfeller vil ha akseptabel risiko for benzo(a)pyren i Trinn 1, mens risiko for human helse i Trinn 2 vil være uakseptabel for same stoff. Dette strid mot prinsipp om at Trinn 1 skal være meir konservativ enn Trinn 2, men samstundes påpeiker rettleiaren at Trinn 1 bare omhandler økologisk risiko, og at ei vurdering av risiko for human helse normalt ligg til Trinn 2.

Ofta kan slike vurderingar i Trinn 2 gje urealistisk høg risiko, eller at vurderinga på anna vis ikkje gjenspeglar verkeleg risiko. Miljøgifter i sediment kan vere mindre biotilgjengelige enn fordelingskoeffisientane tilseier ('aging' m.v.), reell fluks til andre delar av økosystemet kan vere lågare enn berekna, eller konsum av lokal sjømat er annleis enn føresett. Slike lokale granskingar ligg til Trinn 3 i risikosystemet å handsame.

Oppsummering

PAH-stoffet benzo[a]pyren (BaP) er grundig undersøkt, er truleg det mest potent kreftfremkallande, og er klassifisert i gruppe 1, dvs. kreftframkallande for mennesker. Det er vanskeleg å finne nedre terskelverdi for kreftrisiko etter eksponering, dvs. at kvar dose medfører ein viss grad av risiko. For gjennomsnittsverdiar av BaP for alle stasjonar (både V1-V3, og V1-V3+S4) tilseier at utfyllingsområdet er i Tilstandsklasse III.

Tilbakerekning frå grense for humant inntak fører til at benzo(a)pyren si kreftfremkallande verknad gjer ei særst låg grense for stoffet i sediment (7 µg/kg sediment), samtidig som den økologiske effektgrensa er relativt høg (øvre grense for Klasse II: 420 µg/kg sediment). Trinn 2 vurdering av risiko for human helse er her utført forenkla, og er i basert på vurdering av området si bruk i høve til direkte og indirekte human eksponering, samt vurdering av om utfylling av området – med påfølgande oppvirvling, suspensjon og resedimentering av dei finaste partiklar med miljøgifter (herunder primært PAH) lokalt ikkje fører til uakseptabel og forauka ureiningsspreiing (jfr. risikoanalysa i neste punkt).

I Norge har Mattilsynet gitt spesifikke kostholdsråd for 18 havner og fjorder i tilknytning til PAH-ureining, grunna risiko for human helse ved lokal fiske og fangst. PAH-verdiane i området ved Stranda tilseier ikkje behov for slike kostholdsråd. Basert på ei førebyggande, «føre-var» og konservativ vurdering bør likevel ikkje fisk eller krepsdyr (sjøkreps, krabbe, hummer) fangast til humant konsum i eller i umiddelbar nærleik til slike hamneområder. Generelt vil dette også gjelde for Stranda-området.

Ein syner for øvrig til risikovurderinga som er omhandla i eit særskilt punkt.

- Risikoanalyse / rangering av miljørisiko

Miljørisiko er ein funksjon av sannsynlegheit for at ei hending (t.d. spreining av miljøgifter) vil skje og miljøkonsekvensen gitt ei slik hending.

Miljørisiko = sannsynlegheit for hending x miljøkonsekvens

Metode for berekning / rangering av miljørisiko er basert på fylgjande trinn (NTNU 2010)³:

- 0) analyseforbeuing, avgrensing og metode
- 1) avdekking av uønska hendingar
- 2) analyse av sannsynlegheit og konsekvensar
- 3) vurdering av risiko
- 4) forslag til risikoreduserande tiltak

